



Til arrangør

Din kommune brukar Friskus som verktøy for utdeling av fritidskassemidlar. Det skal delast ut 2200 kr per barn per år. Her får du informasjonen du treng for å legge laget/organisasjonen din inn i systemet slik at de kan motta betaling der.

Det første du gjer, er å gå inn på bremanger.friskus.com eller friskus.com og finne din kommune.

Deretter opprettar du ein brukar på denne måten. Du kan opprette ein brukar med din private e-postadresse og seinare legge inn laget si e-postadresse under kontaktinformasjon. Om du er forelder og skal motta pengar i verktøyet, brukar du same profil til dette som til å opprette laget ditt.

<https://hjelp.friskus.com/article/17-opprette-ny-bruker>

Når du er inne i systemet, trykker du på «bli arrangør» på den lilla linja og held fram på denne måten:

<https://hjelp.friskus.com/article/20-hvordan-registere-organisasjonen-min>

Etter arrangørsida er oppretta, kan du legge til kontonummer på sida. Det gjer du på følgjande måte:

<https://hjelp.friskus.com/article/75-hvordan-koble-til-fritidskonto-betaling>

Arrangørsida blir manuelt godkjend, så det kan ta litt tid frå du opprettar sida til ho blir offentleg på Bremanger sin Friskus.

Foreldre betaler gjennom Friskus til det kontonummeret du har oppgitt, og det fungerer på same måte som å betale frå ein nettbank.

Kravet for at ein kan betale til laget, er at dei elles kunne betalt gjennom nettbanken sin.

Dei må vite at kontonummeret stemmer og ha ein KID, fakturanummer eller føre inn namnet på barnet for at betalinga skal kunne knytast til rett person.

Det er viktig at lag og foreiningar har gitt ut informasjon om kva for ein av desse metodane som skal brukast.